

## Forhandlinger i Stortinget nr. 89

2002

22. jan. – Interp. frå repr. Rudihagen om meir heimebasert produksjon og foredling  
i landbruket utan å svekkje kravet til matkvalitet

1321

### Møte tirsdag den 22. januar kl. 10

President: K a r i L i s e H o l m b e r g

D a g s o r d e n (nr. 40):

1. Interpellasjon fra representanten Torstein Rudihagen til landbruksministeren:

«Verdiskapingsprogrammet i landbruket har som mål ei høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmoglegheitene både innafor primærproduksjon og foredling. Matproduksjonen er regulert gjennom ei svært detaljert lovgiving som stort sett er harmonisert med EU gjennom EØS-avtala. Det er sjølv sagt heilt overordna at vi har regelverk og kontrollordningar som sikrar at all mat som blir omsett, er trygg. Likevel er det nå eit problem at ein småskala nisjeproduksjon på gardsbruket hos den vesle næringsmiddelprodusenten ikkje vil ha moglegheit for å kunne tilfredsstille dagens detaljerte regelverk.

Korleis vurderer statsråden moglegheita for å få til ei endring, slik at det blir mogleg med meir heimebasert produksjon og foredling utan at ein svekkjer kravet til matkvalitet, og kva gjer Regjeringa for at verdiskapingsprogrammet også kan bli utvikla på dette området?»

2. Referat

**Presidenten:** Følgende innkalte vararepresentanter har tatt sete:

For Akershus fylke: Harald Espelund

For Hordaland fylke: Pål Berrefjord

For Oppland fylke: Reidun Gravdahl

For Rogaland fylke: Inger Lise Arrestad

For Sogn og Fjordane fylke: Liv Signe Navarsete

For Sør-Trøndelag fylke: Jørund Leknes

For Vestfold fylke: Inger Møll og Vidar Andersen

For Østfold fylke: Gretha Kant

Det foreligger to permisjonssøknader:

- fra Arbeiderpartiets stortingsgruppe om sykepermisjon for representanten Thorbjørn Jagland fra og med 22. januar og inntil videre
- fra representanten Magne Aarøen om sykepermisjon fra og med 22. januar og inntil videre

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

1. Søknadene behandles straks og innvilges.
2. Følgende vararepresentanter innkalles for å møte i permisjonstiden:

For Buskerud fylke: Martin Kolberg

For Sogn og Fjordane fylke: Per Steinar Osmundnes

**Presidenten:** Martin Kolberg og Per Steinar Osmundnes er til stede og vil ta sete.

S t a t s r å d L a r s S p o n h e i m overbrakte 3 kgl. proposisjoner (se under Referat).

**Presidenten:** Representanten Harald T. Nesvik vil fremsette et privat forslag.

**Harald T. Nesvik (FrP):** Jeg vil på vegne av representanten John I. Alvheim og meg selv fremsette forslag om å be Regjeringen legge fram forslag til lov om endringer i lov om folketrygd av 28. februar 1997 nr. 19, slik at norske borgere med opptjening av rettigheter i folketrygden beholder forholdsmessige rettigheter til uførepensjon også uten tre års forutgående medlemskap ved tilbakevending til Norge.

**Presidenten:** Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

S a k n r . 1

*Interpellasjon fra representanten Torstein Rudihagen til landbruksministeren:*

«Verdiskapingsprogrammet i landbruket har som mål ei høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmoglegheitene både innafor primærproduksjon og foredling. Matproduksjonen er regulert gjennom ei svært detaljert lovgiving som stort sett er harmonisert med EU gjennom EØS-avtala. Det er sjølv sagt heilt overordna at vi har regelverk og kontrollordningar som sikrar at all mat som blir omsett, er trygg. Likevel er det nå eit problem at ein småskala nisjeproduksjon på gardsbruket hos den vesle næringsmiddelprodusenten ikkje vil ha moglegheit for å kunne tilfredsstille dagens detaljerte regelverk.

Korleis vurderer statsråden moglegheita for å få til ei endring, slik at det blir mogleg med meir heimebasert produksjon og foredling utan at ein svekkjer kravet til matkvalitet, og kva gjer Regjeringa for at verdiskapingsprogrammet også kan bli utvikla på dette området?»

**Torstein Rudihagen (A):** Når eg fremjar denne interpellasjonen, er det etter ei rekke førespurnader og innspel frå næringsutøvarar i landbruket som har gripe ideen i verdiskapingsprogrammet om å utvikle ein lokal produksjon og ei lokal foredling, men som næraast støyter hovudet i veggen i høve til regelverket eller fortolkinga av regelverket når dette skal godkjennast av Næringsmiddeltilsynet.

Den største utfordringa for landbruket i dag er dårleg lønsemd. Med vårt eige land som ein avgrensa marknad er det ikkje noko å hente på auka prisar eller auka volum på standardproduksjon. Derfor vart verdiskapingsprogrammet utvikla for å stimulere til ein meir spesiell produksjon basert på lokal produksjon og foredling, gjerne med utgangspunkt i lokale tradisjonar og matkultur retta mot ein meir kjøpe- og betalingsviljig marknad.

Det blir unekteleg oppfatta som sjølvmotseiande om vi på den eine sida utfordrar næringa til å bli meir nyskapsande og til å auke bidraget til eiga inntekt og på den andre sida ikkje gjer noko med regelverket eller fortolkinga av regelverket for å legge tilhøva til rette for produsentane.

Det detaljerte regelverket for matproduksjon er stort sett harmonisert med det tilsvarende regelverket i EU gjennom EØS-avtala. Det synes seg at denne lovgivinga i utgangspunktet er tilpassa storindustriproduksjon. Ein småskala nisjeproduksjon på gardsbruket, hos den vesle næringsmiddelprodusenten, vil ikkje ha mogelegheit til å tilfredsstille dagens detaljerte vedtekter. Ikkje minst gjeld dette innafor slakteriverksemda, men også på mjølkesida. Med t.d. krav til pasteurisering av mjølk til osteproduksjon kan dette vere problematisk.

Vi har fått ei sentralisering av slakteria og lang transport av dyra. Mange reagerer på denne transporten, av dyreetske omsyn. Det kan òg sjå ut som om forbrukaren etterspør kjøtt frå dyr som ikkje har vore utsett for stress som transport til slakteri kan medføre. Dyr som er heimeslakta, kan i alle høve ikkje omsetjast slik lovgivinga nå er formulert. Og om ein byggjer eit gardsslakteri, vil tilsynet og kontrollutgiftene bli så store at det er umogeleg å ta dette att i pris.

Lat meg, før eg går vidare, slå fast at det sjølvsagt er helt overordna at vi har regelverk og kontrollordningar som sikrar at all mat som blir omsett, er trygg. All matproduksjon må vere forbrukarretta, vi må ha kvalitetskontroll og dokumentasjon frå jord til bord. Det er dette norsk matproduksjon må assosierast med, skal den vere konkurransedyktig.

Men dette må vi greie å få til på ein enklare måte enn det som avteiknar seg nå. Styresmakter i andre land det er naturleg å sjå til, som Austerrike, Sveits, Tyskland og andre, kan synast å ha funne fram til ordningar som mogeleggjer trygg småskalaproduksjon. Noreg med si svært gode dyrehelse skulle ha større mogelegheiter enn andre på dette området.

I «Produksjon av kjøtt i liten skala», ein rapport avgitt på bakgrunn av eit prosjekt som Statens næringsmiddeltilsyn har leia på oppdrag frå Landbruksdepartementet, heiter det:

«I noen av landene innen EØS er det med bakgrunn i kultur og tradisjon et stort innslag av småskala slakterier og virksomheter for foredling av kjøtt. Prosjektgruppen oppfatter at disse slakteriene er godkjent i henhold til EUs direktiver. Prosjektgruppen mener det norske regelverket ikke er til hinder for en tilsvarende næringsstruktur her i landet.»

Eg synest det blir ille at vi skal vere i den situasjonen at Næringsmiddeltilsynet gir avslag på søknad om mobilt slakteri ikkje på grunn av eller med omsyn til helse og trygg mat, men på grunn av tolking av eit EU-regelverk. Målet må da vere auka lokal verdiskaping og trygg mat, ikkje regelverket i seg sjølv.

Men lat meg ta eit døme: «Kjøtt fra Hadeland» sette i gang eit prosjekt for å få til ein tvers igjennom lokalt forankra kjøtproduksjon med dyr som hadde vakse opp, vorte slakta og foredla på Hadeland. Lokal foredlingsbedrift og mobilt slakteri låg i planane. Dette er eit grundig utarbeidd prosjekt. Her er gjennomført brukarundersøkingar og prøveproduksjon med svært gode attendemeldingar. Likevel, etter eit halvt års behandlingstid, vart det avslag på søknaden om godkjenning hos Statens næ-

ringsmiddeltilsyn – ikkje på grunnlag av helse og mattryggleik, nei, fagleg vurdering i høve til slakteriforskriftene er ikkje eingong gjort, men det er gitt avslag på prinsipielt grunnlag med bakgrunn i tolkinga av norsk regelverk, EU-direktiv og opplysningsar om praksis i Sverige og Danmark. Det paradoksale her er at dette prosjektet hadde fått ein god del offentleg økonomisk støtte, òg frå staten, og så avslår altså statens eige tilsyn det heile på prinsipielt grunnlag!

Da vi i næringskomiteen i samband med behandlinga av landbruksmeldinga foreslo verdiskapingsprogrammet, var vi klare over at det her ville vere ein del barrierar. Derfor skreiv vi også i Innst. S. nr. 167 for 1999-2000 frå næringskomiteen:

«Komiteen vil understreke at behovet for kartlegging og fjerning av «flaskehalser» for å få til nyskaping bør være en viktig strategi for å øke verdiskapingen i matforedling og salg. Det lokale næringsmiddeltilsynet bør i tillegg til kontrollfunksjonen bli mer etablerrettet og få et veiledningsansvar for småskalaprodusenter knyttet til utviklingen av gode produksjonsprosesser og produksjonslokaler.»

Næringsmiddeltilsynet eller det nå nye mattilsynet si rolle blir sjølvsagt viktig. Skal vi lykkast med produktutviklinga, slik det er tenkt i verdiskapingsprogrammet, må produsentane og foredlingsverksemndene få fagleg rettleiing slik at alt kan bli utvikla og gjennomført i samsvar med krava til helsesamt trygg matproduksjon. Den faglege bistanden må inn i prosessen. Styresmaktene sine organ kan ikkje berre sitje og seie nei, nei – og ja somme gonger innimellom. I mattilsynet vil det vere kompetanse til rettleiing. Nå er eg underleg klar over at det vil bli eit spørsmål om habilitet. Det blir vanskeleg å ha eit tilsyn som skal kontrollere det ein sjølv har rettleidd i. Men dette må ein prøve å finne ei løysing på. Anten må ein legge opp til at ein stolar på den faglege integriteten eller så må ein skilje mellom rettleiingsapparat og kontroll. Vi må tenke heilskapleg i staten òg på dette området. Dømet med «Kjøtt fra Hadeland»-prosjektet syner nettopp behovet for det.

Mange spør om kvar det har vorte av den sunne fornufta, eller for den sakas skuld logikken, oppi dette. Når det gjeld tilsyn og kontroll av viltkjøtt, legg viltkjøttforskriftene og instruksane opp til ei langt enklare og lettare gjennomførleg ordning. Når desse òg for så vidt strenge krava blir følgde opp, har vi ein garanti for mattryggleiken. Kvifor kan ikkje dette overførast til husdyr?

Eg skal sjølvsagt vare meg vel for å gå inn i faglege vurderingar som eg ikkje har føresetnader for. Men lokale tilsynsveterinærar som eg har prata med, meiner at dette òg er forsvarleg for husdyr. Det er vanskeleg å avdekke salmonella eller andre bakteriar ved lokale undersøkingar, men ved den minste mistanken kan prøver takast for analysar og slaktet haldast unna på kjøling til undersøkingar er gjorde. Om sjukdommar blir avdekte, kan dei lett sporast attende til den produsenten dei kjem frå. Produsentar hevdar òg at det ikkje er fornuft i at ein i Noreg med mange kalde vintermånader ikkje kan slakte på garden, med alle dei føremonene dette har. Dyra skal i staden fraktast til slakteriet i milevis avstand frå garden.

Når det gjeld mjølkebasert produksjon, veit vi at det her er eit potensial for både landbruks- og reiselivsnæringa om vi kan leggje til rette for det. Utgangspunktet må vere at utfordingane lèt seg løyse, om det er med enkle pasteuriseringsmaskinar eller kva det måtte vere. Det er løysingane eg nå utfordrar statsråden og hans fagfolk på, og det er med visse forventingar. For eg veit at mykje er på gang når det gjeld organisering av den offentlege matforvaltninga, med nytt mattilsyn, ny matlov og utgreiingar, som t.d. rapporten om småskala kjøtproduksjon, som eg tidlegare har synt til.

**Statsråd Lars Sponheim:** Representanten Rudihagen tek opp viktige spørsmål i sin interpellasjon. Eg er oppeten av at forbrukarane skal ha tilgang på eit større mangfald i matfatet, og at landbruksnæringa og dei som står for vidareforedling, skal kunne utnytte sin del av det potensialet som ligg i ein aukande etterspurnad etter spesialprodukt. Samstundes er det ikkje vanskeleg å sjå at verksemder som driv i liten skala, står overfor mange utfordingar. Det er difor viktig å ta problemstillingane på alvor og få ei tilnærming der ein ser på dei totale rammevilkåra for småskalaprodusentar.

Eg har merka meg at det har bygd seg opp ein viss frustrasjon i næringa, slik interpellanten var innom i sitt innlegg, noko som til dels kjem av for dårlig samordning frå det offentlege si side. Eg vil difor signalisere at eg vil medverke til at det skal bli teke nye initiativ for å lette tilhøva for småskalaprodusentar. Det vil i den samanhengen bli utarbeidd ein plan for slike verksemder, der ein skal sjå på kva samla tiltak departement, tilsyn og viktige brukarar kan setje i verk for denne gruppa. Dette arbeidet vil basere seg både på ei samordning av eksisterande og nye tiltak.

Ein viktig grunn til at mange produsentar opplever ulik handsaming og frustrasjon, er eit fragmentert mattilsynssystem med tre statlege tilsyn og eit kommunalt tilsyn med over 80 uavhengige einingar. Det offentlege har heller ikkje vore gode nok når det gjeld tilbod om hjelp og rettleiing. Ved å opprette eit samla mattilsyn, som Stortinget har slutta seg til, vil det liggje betre til rette for å få eit betre koordinert og straumlinjeforma tilsynssystem.

Her i Noreg har vi alltid hatt gode system for sikring av god og trygg mat, der standardane har vore høge for at ein skal kunne vere på den sikre sida. Eg vil slå fast at det aldri kan kome på tale å gå på akkord med kravet til helse og mattrøygleik, og difor må både små og store produsentar stå overfor strenge kvalitetskrav. Det er likevel eksempel på at myndighetene har tolka regelverket for bokstavleg og i strengaste laget. Det er med dette bakteppet at ein har hatt diverse gjennomgangar av regelverket for å sjå om tolkingar og tilrådingar har vore for strenge. Like eins har det vore viktig å vurdere på nytt om det kunne vere opningar for forenklingar i regelverket i høve til dei som driv verksemder i liten skala. All produksjon av mat står og fell med at produkta er trygge og av god kvalitet, og at produksjonen er følgd opp gjennom god

kvalitetssikring. Eit feilgrep i produksjonen av mat er med og øydelegg for alle i næringa.

Det er eit sterkt ynske frå mi side å gi forbrukarane eit større mangfald i matfatet. Dette er bakgrunnen for at Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon vart etablaert ved jordbruksoppgjernet i 2000 og gjennom reindriftsavtalen i 2001. Begge verdiskapingsprogramma vil stimulere næringane til å ta fatt i dei moglegheitene som ligg i dei ulike segmenta i marknaden. Det er viktig at desse tiltaka blir vidareførte.

I 1996 vart næringsmiddelregelverket gått gjennom med tanke på ei betre tilrettelegging og forståing for småskalaproduksjonen. Den gjennomgangen førte til nokre endringar i regelverket for mjølk. Mellom anna vart det opning for foredling av mjølk frå eigen gard og sal av eigne mjølkeprodukt frå torg, marknader og butikkar i nærområdet, og det vart opna for særskilde unnatak for mjølkeprodukt med tradisjonell karakter. Det vart òg opna for produksjon og sal av produkt laga av upasteurisert mjølk, då under føresetnad av gode hygieniske vilkår. I praksis har det synt seg at det krevst stor kompetanse for å etterleve denne opninga, men ved hjelp av god dialog mellom brukar og tilsyn har ein etter kvart kome fram til gode løysingar.

Den siste tida har mange småskalaprodusentar bede departementet om å sjå spesielt på regelverket som er knytt til slakting og foredling av kjøtt. Statens næringsmiddeltilsyn og Statens dyrehelsetilsyn fekk difor haussten 2001 i oppdrag å kartleggje moglegheitene til og utfordingar ved slakting og foredling av kjøtt i liten skala. Prosjektgruppa avslutta arbeidet sitt ved årsskiftet, og rapporten frå arbeidet er nyleg send over til departementet. Som oppfølging av rapporten har eg allereie gitt Næringsmiddeltilsynet og Dyrehelsetilsynet i oppdrag å finne fram til konkrete løysingar og eventuelle forslag til endringar av regelverket. Eg har særleg peikt på problematikken i høve til å kunne gjennomføre slakting i liten skala samt spørsmål knytte til mobile slakteri, der eg har bede om ei juridisk vurdering av moglegheitene for å tillate slakting av andre dyrearter enn rein. Eg vil vurdere framlegga frå prosjektgruppa så snart råd er.

Eg vil vidare syne til at Noreg gjennom EØS-avtala langt på veg har harmonisert regelverket sitt med EUs regelverk på dette området. EØS-avtalas regelverk opnar likevel på enkelte område for mindre omfattande krav for små verksemder som omset varer i eit avgrensa geografisk område. Ein del mindre strenge krav er som nemnt allereie implementerte i norsk regelverk på mjølkeområdet og for annan produksjon. Det er også utarbeidd regelverk med lågare krav til slakting av rein som blir omsett nasjonalt. Arbeidet med å få til eit særskilt småskalaregelverk for fjørfekjøtt og for slakting av kanin og oppdrettsvilt vil bli sendt på høyring før sumaren.

Verksemder, unnateke slakteri, som berre sel produkta sine direkte til forbrukarar, blir omfatta av det generelle hygieneregelverket. Dette regelverket kan lettare tilpassast småskalaverksemder enn det særregelverket kan, då det opnar for større tolkingsfridom.

Med dei omfattande krava som blir sette til næringsmiddelproduksjon, vil eg sterkt streke under kor naudsynt det er med god dialog mellom produsent og tilsyn. Særleg i etableringsfasen er det særstakt viktig at produsenten på eit så tidleg tidspunkt som mogleg tar kontakt med Næringsmiddeltilsynet for rettleiing og samarbeid. Erfaringane syner då at ein i stor grad finn fram til gode løysingar innafor det gjeldande regelverket. Det er difor under utarbeiding høveleg rettleiingsmateriell for dei lokale næringsmiddeltilsyns og for næringa. Rettleiingsmaterialet skal gjere greie for vilkår som bør gjelde for næringsmiddelverksemder som opererer i liten skala. Den nemnde rapporten som nyleg er levert, føreslår å auke Næringsmiddeltilsynet sin innsats i høve til småkalaprodusentane. Like eins føreslår rapporten å la eitt eller fleire av dei lokale tilsynsna spesialisere seg på småskala næringsmiddelproduksjon, slik at dei kan få særleg kompetanse på dette området, og kan gi råd til dei andre tilsynsna. På den måten kan ein få ei meir einsarta handsaming for verksemndene og hjelpe hjå tilsynspersonalet som har dette som sitt spesialfelt. Dette forslaget vil bli vurdert nærmare. Eg er i den samanhengen oppteken av at myndighetene skal stå fram både som tilsynsinstans og som rettleiingsinstans utan å kome i konflikt med habilitet. Dette spørsmålet vil det òg bli lagt vekt på ved etableringa av det nye mattilsynet.

Når det gjeld hjelpe til småkalaprodusentar, så er det gjennom Verdiskapingsprogrammet for mat under etablering fem regionale kompetansenettverk som skal ta vare på småkalaprodusentane sine mange utfordringar på eit breitt plan. Utfordringar i høve til etablering, produktutvikling og regelverk vil vere problemstillingar som desse kompetansesentra kan hjelpe til med. Eg har store forventingar til dei kompetansenettverka som skal etablerast.

Det er avgjerdande at dei som produserer mat, har den naudsynte kunnskapen om og forståinga for kor viktig det er med god hygiene. Denne kunnskapen er òg viktig for å etablere ein meiningsfull dialog mellom tilsynet og verksemndene, og vil samstundes medverke til å gjere regelverket lettare tilgjengeleg for småkalaprodusentane. I den samanhengen har eg tatt initiativ til å sjå på kva tiltak som kan gjerast for å sikre ein slik naudsynt kompetanse om hygiene. Er ei fastsetjing av krav ved føresegen vegen å gå, slik Danmark og Finland har gjort? Eller kan dette sikrast gjennom ei form for autorisering, slik ordninga er med sprøytesertifikat for dei som skal handtere sprøytemiddel? Denne vurderinga blir nå gjord i samarbeid med Fiskeridepartementet og Helsedepartementet, som begge forvaltar aktuelt hygieneregelverk. Statens næringsmiddeltilsyn og Fiskeridirektoratet står sentralt i dette utgreiingsarbeidet. Eg vil streke under at det er etableraren si plikt å skaffe seg den naudsynte kompetansen som må til for å sikre at produkta er trygge.

Eg meiner det er naudsynt å utarbeide ein samla plan som sikrar ei god samordning av eksisterande og nye tiltak for småskala matprodusentar. Vi skal her leggje til grunn følgjande fire punkt:

1. Det er myndighetene si oppgåve å møte etterspurnaden etter eit større mangfold av matprodukt hjå forbrukarane og i den samanhengen ha ei aktiv rolle for å utvikle ein konkurransedyktig småkalaproduksjon.
2. Ein må arbeide for å finne og ta i bruk dei moglegheitene som internasjonalt og nasjonalt regelverk gir for eit meir tilpassa regelverk.
3. All slik tilnærming skal ikkje gå på akkord med trygg mat, og det skal setjast inn gode og relevante krav til kontroll og kompetanse for dei som ynskjer å drive slik produksjon.
4. Tilhøva for småkalaprodusentar skal prioriterast høgt innafor eit samordna og integrert mattilsyn.

**Torstein Rudihagen (A):** Eg takkar statsråden for orienteringa om det som er på gang, som eg også oppfattar er ei oppfølging av det som tidlegare landbruksminister Bjarne Håkon Hanssen jobba med å setje i gang.

Eg er faktisk veldig einig i dei fire tiltakspunkta som statsråden skisserte. Men han sa òg i innlegget sitt at det var eksempel på at ein tolka regelverket for strengt. Det trur eg ein skal fokusere litt på, for eg er aldeles sikker på at landbruksministeren er einig i at eit regelverk ikkje er noko mål i seg sjølv. Det er eit verkemiddel for å sikre trygg og helseamt god matkvalitet, som vi alle er einige om at vi skal ha. Slik eg kjender norsk landbruk, har vi eit godt utgangspunkt med gode tradisjonar for slik produksjon. Da må vi søkje å forme eit regelverk og etablere eit rettleiings- og kontrollapparat som på ein fornuftig måte og så enkelt som mogleg kan sikre og dokumentere matkvaliteten.

Eg oppfattar det slik at mobile slakteri – i allfall for Næringsmiddeltilsynet og juristane der – er i grenseland i forhold til kva EUs regelverk tilseier. Det står òg i den rapporten eg omtalte i hovudinnlegget mitt. Men meiner vi at dette kan gjerast forsvarleg, får vi stå på det, dokumentere det og argumentere for det, i staden for å leggje oss flate for den mest restriktive tolkinga. For det Næringsmiddeltilsynet skriv, er at dei ser det som tvilsamt om det er juridisk grunnlag for å bruke mobile slakteri til anna enn slakting av tamrein. Dersom dette skal liggje fast, må det i allfall vere ein fagleg, fornuftig og forståeleg argumentasjon overfor dei som driv i næringa. Kvífor denne forskjellsbehandlinga?

Eg har òg merka meg at mange fagfolk hevdar at det blir dårlegare kjøtkvalitet ut av den lange transporten. Ja, da skulle det i så fall vere god grunn til å leggje til rette for lokal slakting. Vi må søkje å finne løysingar i staden for å seie nei. Forbrukarretta matproduksjon må børge for kvalitet, og den må kunne dokumenterast. Forbrukarane vil òg kome til å spørje etter opphav, og mange vil vere opptekne av korleis dyreetikken har vore – lange transportar osb.

Eg trur faktisk at alle desse omsyna dreg i same retning, nemleg mot ei lokal foredling og ein lokal kontroll. Maten må få eit kvalitetsstempel, i bokstaveleg forstand eit stempel som viser kvalitetsgodkjenning, kven som har godkjent, og gjerne lokaliteten. Lat oss halde oss oppe i

Gudbrandsdalen, der eg kjem frå, og seie at ein øvst i Ottadalen t.d. stemplar med «Lom og Skjåk veterinærdistrikt». Det betyr da at ein må nytte det lokale tilsynet og opne for ei lokal slakting. For eg trur at ved å vise det lokale tilsynet tillit vil ein gjere dei i stand til å handtere dette på ein fagleg forsvarleg måte.

**Statsråd Lars Sponheim:** La meg først få gi uttrykk for at jeg prinsipielt er enig med interpellanten i at et regelverk er til for å tjene folk, forbrukere og produsenter og ikke skal være til plage for noen. I all hovedsak tror jeg vi må se det slik at regelverket generelt i dette landet er slik at det har en god hensikt som de fleste er tjent med, men så er det noe med praktiseringen og kulturen rundt praktiseringen som ofte gjør at dette kan virke mer til hinder enn til hjelp for å finne fram til gode løsninger. Det må vi se på. Det svaret gir jeg på generelt grunnlag, men det gjelder også på dette området.

Jeg sa også i mitt hovedinnlegg at vi i dag har et tilsynssystem som er veldig fragmentert. Det er ulike statlige tilsyn, det er kommunale tilsyn, det er ulike kulturer og det er mennesker som ser ulikt på de oppgavene de har. Muligheten til å skape en felles kultur for på den ene siden å håndheve et strengt og riktig regelverk av hensyn til folkehelsen, men uten å gjøre mer ut av det enn at det er mulig for produsentene å finne fram i et slikt regelverk, og på den andre siden å hjelpe leverandører og produsenter fram, har vi nå laget et enhetlig tilsyn, noe som vil være på plass i løpet av dette året, og som vil settes i kraft fra neste år av. Det er min klare ambisjon at når vi i løpet av dette året former et nytt mattilsyn som skal forvalte hele dette regelverket, møte den enkelte produsent og samtidig skape tillit hos forbrukerne til at her foregår alt på en måte som folkehelsen og forbrukerne er tjent med, skal vi klare å lage en type kultur og holdninger i en slik organisasjon som gjør at vi lettere skal få fram muligheten til å kunne bruke regelverket til det som vi alle ønsker, tror jeg, nemlig en mangfoldig og spredt småproduksjon i tillegg til den store volumproduksjonen som den store næringsmiddelindustrien vår vil stå for. Det er, som sagt, min klare ambisjon. Vi ser at det innenfor EU-området er et strengt regelverk, og også EØS-regelverket er jo langt på vei et EU-regelverk. Det er strengt tilsyn med det som foregår, men det er mulig å få til mye spennende småskala matproduksjon, slik vi er kjent med i utlandet. Selvsagt skal vi få til det på samme måten her i landet.

Til spørsmålet om mobile slakterier vil jeg, som jeg sa i mitt innlegg, si at vi har bedt Statens næringsmiddeltilsyn – på bakgrunn av den rapporten som er lagd, hvor vi ikke syns det i uttømmende grad er redegjort for hvordan det går an å finne fleksibilitet i det regelverket som vi er underlagt – om å se nærmere på hvilke muligheter vi har for å kunne ta dette i bruk på flere områder.

Når det gjelder debatten om hjemmeslakting som til dels foregår, er det en del som tror at vi på et vis kan komme tilbake til en slags kommersiell slakting ute på tunet, slik vi vet det foregikk for et par generasjoner siden, og at man der kan rigge til slakteutstyr etter å ha kjørt litt møkk om morgenen, slakte og så kjøre litt møkk

om kvelden igjen. Det vil jeg sette en ganske klar strek over. Det er lov til eget bruk, det er lov til å gi et slikt slakt bort til venner, men det vil aldri bli lov til å gjøre dette til kommersielt bruk. Snakker vi om hjemmeslakting, snakker vi om småskala slakterier som krever betydelige investeringer, og som må tilfredsstille strenge hygieniske krav. Det er det vi bør fokusere på i forhold til det vi kaller hjemmeslakting, som kanskje heller bør kalles bygdeslakting, i profesjonelle, men småskala anlegg.

**Aud Gaundal (A):** Alle er vel enige om at småskala-produksjonen skal gi trygg mat. Det motsatte vil være å sette den gode utviklinga i denne type matproduksjon i revers. Det ønsker ingen. Tvert imot, vi vil at dette skal utvikle seg positivt.

Arbeiderpartiets ønske i forhold til den type produksjon er selvsagt at det skal gi et økonomisk utkomme til den som produserer, og at det i tillegg skal utvikle seg en større kremmervirksomhet enn vi tidligere har sett. I en tid hvor det fokuseres på større innsats for at vi skal skape vår egen arbeidsplass, er denne type virksomhet midt i blinken. Enkelte gjør det bra, men ikke alle. Det kan vi kanskje heller ikke forvente.

Enkelte hevder at det har vært mye arbeid for å komme i gang, men at problemene har vært overkommelige, bl.a. i forhold til næringsmiddelkontrollen. Andre har gitt opp, både fordi de sitter igjen med et inntrykk av at regelverket er uoverkommelig, og også fordi økonomien er for risikabel.

Mære Landbruksskole er nå blitt ett av fem kompetansesnav for å utvikle nettverk og bistå småskalaprodusenter. I og med at vi legger så stor vekt på produksjonslokalene, er det fra ledelsen ved denne skolen sagt at en burde ha et produksjonslokale slik at det var mulig å se om produktet kunne videreføres på egen kjøl. I realiteten er dette ikke så annerledes enn det som det legges opp til i inkubatormulighet for andre som vil starte sin egen virksomhet. Jeg mener at det bør investeres i dette når vi legger så stor vekt på kravet til produksjonslokalene. Det hjelper lite med et godt produkt, hvis produksjonslokalene koster flerfoldige hundretusen, ja opp til millioner. I den sammenheng er det viktig å påpeke betydningen SND har.

Når det nye mattilsynet skal på plass, mener jeg også at vi bør se på om vi ikke skal kontrollere sluttpunktet i sterkere grad enn produksjonslokalene. Det blir hevdet at det f.eks. i Frankrike er svært strenge kontroller på sluttproduktene, strengere enn på produksjonslokalene.

Det bør imidlertid verken nå eller i framtida komme på markedet matvarer som ikke holder mål. Da kan hele satsinga rakne. Folk vil ikke kjøpe mat som de blir syke av. I så måte er jeg helt enig med interpellanten og statsråden.

**Ivar Kristiansen (H):** Først av alt vil jeg takke interpellanten for dette initiativet, som er svært viktig, og som kommer i en tid da vi har en ganske bred nasjonal debatt om flere komponenter som gjelder norsk landbrukspolitikk: forbrukerpørsmål, prisspørsmål, vareutvalg etc.,

og etter statsrådens svar til interpellanten, må disse nå forventes å få en positiv oppfølging.

